



Terje Hilland
Skarpenesvegen 120
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1065 - 22/66541

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
02.09.2022

Fritak frå kravet om gjødselplan - GBNR 341/1 Skarpenes

Administrativt vedtak: Saknr: 964/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 10.09.2027 for GBNR 341/1, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld :

Føretaket **Terje Hilland** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 341/1.

Søkjer har hatt fritak for gjødselplan frå 22.02.2021 fram til 20.08.2022 på vilkår at han måtte ta jordprøven. Dette er gjort og desse er vurdert i samråd med landbrukskontoret.

Jordprøvene viser ei mineralblanda moldjord med høgt innhald av plantetilgjengeleg fosfor og lavt til middels innhald av plantetilgjengeleg kalium. pH-verdien er tilstrekkeleg for denne jordarten.

Innhaldet av plantetilgjengeleg fosfor (P-AL) er høgt, dette tyder på at ein kan gjerne gå litt ned på fosfor-gjødslinga. Fosfor-innhaldet er likevel ikkje så høgt at vi reknar det som unormalt. Søkar kan gjere små endringar i gjødslinga ut frå resultatet på jordprøvene, utan at det er naudsynt å laga gjødselplan.

Drifta er 35 vinterfora sauer som går 18 veker på utmarksbeite og 12 veker på inmarksbeite. Føretaket har 71 daa inmarksbeite, 37 daa overflatedyrka og 3 daa fulldyrka mark.

Søkjerer har opplyst at husdyrgjødsel blir kjørt ut som tørrmøkk og spreidd for hånd. Etter å ha lagt på marken en stund blir den harva.

Føretaket kjøper inn 2000 kg fullgjødelse 25-2-6 som vert spreidd to ganger på slåttemark før 1-slått og før 2.slått. Deler av beitet blir gjødsla med kunstgjødelse en gang.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på beiting og slåttemark					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal daa		Kg pr.daa			
1000	25-2-6	40	Slåttemark (to ganger)	25	6,25	0,5	1,5
1000	25-2-6	71	Beite 1 gang	14	3,5	0,28	0,8
Sum					9,7	0,8	2,3
31,5 m ³	Saumøk	40	slåttemark	0,7	1,4	1,4	3,5
Sum					11,1	2,2	5,8

Normgjødning i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødninga skal vera under 50% av normgjødning. Søkar har endra typegjødning frå fullgjødning 18-3-5 til fullgjødning 25-2-6.

Bruket ligg under 50 % av normgjødning. Bruket er lite, har få gjødningdyreningar (GDE =1), og har stort areal i høve til dyretallet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande deleberingsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/1065 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Terje Hilland

Skarpenesvegen 120 5919 FREKHAUG